



Medlemmane i fylkestinget

Fylkesordføraren

Sakshandsamar:

Marit Silje Årnes Husabø

E-post: Marit.Silje.Arnes.Husabo@sfj.no

Tlf.: 97173379

Vår ref.

Sak nr.: 19/3979-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

21309/19

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 05.04.2019

Innkalling til møte i fylkestinget 24. april 2019

Fylkesutvalet har vedteke å kalle inn til møte i fylkestinget:

Onsdag 24. april 2019, kl 10.30 på Fylkeshuset i Leikanger kommune.

Kl. 10.00, før opninga av fylkestinget, vil Frode Kyrkjebø, dagleg leiar i KS Sogn og Fjordane, orientere om KS.

I samsvar med fylkesutvalet sitt vedtak og i medhald av Kommunelova av 25.september 1992, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget. Det vert møte i fylkesutvalet tysdag 23. april. Innkalling med tidspunkt vert sendt seinare.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføraren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: svein.hagard@sfj.no, med kopi til marit.silje.husabo@sfj.no. Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføraren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte tysdag 23.april 2019. Tidspunkt for frammøte fastset gruppene sjølv ved innkalling til gruppemøte. **Det er bestilt overnatting på Sognefjord Hotel. Dersom du ikkje ønskjer overnatting, gje melding til hotellet på tlf. 57 65 11 00.** Eg legg til grunn at tingseta vert avslutta 24. april.

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn du i «Arbeidsvilkår for folkevalde» på heimesida til fylkeskommunen, www.sfj.no – Politikk > For politikarar > Reglement og rutinar. Kap. 6 lyder:

Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og oppholdsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa rekna som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingsmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise.

Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg til sakane som skal handsamast vert sendt dykk elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida - www.sfj.no.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift